



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet som klagenemnd
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger, møterom Sygna
Møtedato	05.12.2016
Kl.	16:05 – 16.30

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Aleksander Øren Heen, Sp

Varamedlemmer til stades:

Jon Olav Kvamme, KrF
Marita Aarvik, FrP, fram til ca. kl. 16.20, som varamedlem for Gunhild Berge Stang

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23. november 2016 vart godkjend utan merknader.



SAK 14/16 Klage på vedtak om skuleskyss

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Klagen frå Sara Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.
2. Klagen frå Jostein Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.

Endringsframlegg:

Sigurd Erlend Reksnes, Marita Aarvik og Bjørn Erik Hollevik sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett, rådmannen får i oppgåve å synleggjere presedensverknader ved å ta klagen til følgje.

Avrøysting:

Sigurd Erlend Reksnes, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Reksnes, Aarvik og Hollevik og framlegget fall.

Fylkesrådmannen si tilråding vart deretter samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Klagen frå Sara Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.
2. Klagen frå Jostein Haugland med føresett vert ikkje teken til følgje.

SAK 15/16 Klage på vedtak om skuleskyss

VEDTAK:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Ove Uglum med føresett til følgje.

SAK 16/16 Infrastrukturmidlar reiseliv 2016 - klage frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad på avslag

VEDTAK:

Klagen frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad vert ikkje teken til følgje.

-----//-----

Hilmar Høl og Jon Olav Kvamme gjekk frå som inhabile ved handsaminga av saka.
